



## Notat

Dato: 09.01.2017  
Arkivsak: 2016/9494-24  
Saksbehandlar: maraskv

---

Til: Ronny Skaar

Frå: Marianne Ose Askvik

---

### Val av overnatting under UA-helga 18.-19.mars

18.-19.mars vert det gjennomført ein workshop for deltakarar i kategorien «Unge arrangører» (UA). Deltakar i UKM Media og ungdommar i Hordaland sin Ungdommens Ressursgruppe (URG) er og invitert til å delta. Desse ungdommene skal delta på UKM-festivalen i Hordaland (28.-30.april) i sine kategoriar og er vidaresendt frå UKM lokalmönstringar i Hordaland og kjem frå kommunar som t.d. Radøy, Samnanger, Askøy, Austrheim og Bergen.

Ungdommene som er invitert til å delta denne helga vert inkludert i heile arrangementet under UKM-festivalen i Hordaland og vil få høve til å jobbe med lyd, ljos, sceneteknikk, media og livestreaming på USF, Verftet (arena for festivalen). UKM-festivalen i Hordaland er ein ungdomsfestival av, med og for ungdom. Tre vaksne personar som jobbar med UKM-festivalen i Hordaland vil vere tilstade for ungdommene, både under workshop-helga og festival-helga. Desse er Marianne Ose Askvik (fylkeskontakt UKM Hordaland), Inni Mowinckel (produsent UKM-festivalen i Hordaland) og Line Yvonne Eidheim (produsent UKM-festivalen i Hordaland).

Laurdag er det oppmøte på USF Verftet kl.10:00 med «bli-kjent»-leiker før workshop-program startar. Her vert ungdommene vist fram kva eit arrangement krev frå start til slutt, og ungdommene får fleire oppgåver dei skal løyse i grupper. Sosialt program vert arrangert på kveldstid. Sundag er det workshop-program på Kvarteret frå 10:00 – 15:00. Her vil ein teknikar gi ein innføring i teknisk utstyr i Røkeriet slik at ungdommene er førebudd på kva som ventar dei under UKM-festivalen i Hordaland. Ungdommene vil også få høve til å velje eigne oppgåver dei vil ha under UKM-festivalen i Hordaland og gi innspel til korleis dei ønskjer at festivalen skal arrangerast.

Det sosiale aspektet for helga er tungt vektlagt med omsyn til at ungdommene skal få høve til å bli kjent med kvarandre denne helga. Det er vanleg praksis i denne type arrangement i UKM-nettverket at arrangør legg til rette for at ungdommene kan sove i lag, t.d. på ein skule eller idrettshall. Slik sett kan deltakarane vere på same rom og prate saman, sjå film, spele kort o.a. når workshop og sosialt program er ferdig. Talet på UA-deltakarar denne helga er estimert til å vere mellom 20-28 personar. Konkret tal på dette vil vi vite 3.mars ettersom dette er satt som frist for kommunane å vidaresende deltakarar i arrangørsystemet.

USF Verftet tilbyr ikkje overnatting i sine lokalar, det same gjeld Kvarteret. Hostellet Marken Gjestehus tilbyr overnattingsrom med fleire senger på same rom og denne plassen vart såleis ønska vurdert som eit eigna stad for overnatting av omsyn til det sosiale aspektet for dette arrangementet. I 2016 vart det fyrste gong Hordaland fylkeskommune innførte ei slik satsing i UKM Hordaland og inngjekk difor kontakt med Økonomiavdelinga for å høyre om dette er ei god løysing sjølv om Hordaland fylkeskommune ikkje har avtalepris med hostellet Marken Gjestehus. Etter dialog med Merete Reksten på Økonomiavdelinga (seksjon innkjøp, dialog i 2016) vart det konkludert med at overnatting for ungdommene kan gå føre seg i

Marken Gjestehus, sjølv om Hordaland fylkeskommune ikkje har avtalepris med denne. Dette er med grunnlag i den sosiale vektlegginga for ungdommane. Det er reservert fem 4-sengsrom og eit 8-sengsrom for deltakarane denne helga, i tillegg til to enkeltrom for to vaksne.